

**Felles eigarstrategi for  
VEST-TELEMARK KRAFTLAG  
HOLDING**

## INNHALD


|     |                                                          |   |
|-----|----------------------------------------------------------|---|
| 1   | INNLEIING OG BAKGRUNNEN FOR EIGARSKAPEN.....             | 3 |
| 2   | FØREMÅL MED EIGARSKAPEN .....                            | 4 |
| 3   | FORVENTNINGAR TIL UTVIKLINGA I SELSKAPET .....           | 5 |
| 4   | FORVENTNINGAR TIL AVKASTING, UTBYTE OG KAPITALISERING .. | 6 |
| 4.1 | Verdiutvikling og utbyte .....                           | 6 |
| 4.2 | Kapitalisering av selskapet .....                        | 6 |
| 5   | EIGARDIALOG OG STYRINGSMODELL .....                      | 7 |
| 5.1 | Styringsmodell.....                                      | 7 |
| 5.2 | Styresamansetjing i VTK Holding AS.....                  | 7 |
| 5.3 | Eigarmøte .....                                          | 7 |

## 1 INNLEIING OG BAKGRUNNEN FOR EIGARSKAPEN

Vest Telemark Kraftlag AS blei stifta 13. september 1940 av kommunane Kviteseid, Seljord, Lårdal, Mo og Vinje. Fyresdal kommune blei med i 1948 og Nissedal kommune i år 2000 ved at selskapet overtok Nissedal Kommunale Elektrisitetsverk (NKE).

Vest Telemark Kraftlag AS blei omdanna til aksjeselskap 1. januar 2002, og selskapet fekk samstundes nye vedtekter. Frå 2003 har selskapet hatt maksimal inntening og avkastning til eigarane som mål, med unntak for straumsal til sluttkundar og fiberutbygging som har hatt eigne føringar. I andre halvår 2020 gjekk selskapet gjennom ei oppsplitting for å oppfylle nye lovkrav frå 1.1.2021, som krev at monopolaktiviteten (nettaktiviteten) er skilt ut i eit eige selskap. Vest Telemark Kraftlag AS er etter dette organisert som eit konsern:

### Selskapsstruktur VTK Konsernet



Hovudkontoret til VTK-Konsernet (VTK) er i Høydalsmo i Tokke kommune, og konsernet har eit avdelingskontor i Treungen i Nissedal kommune. VTK-Konsernet driv med kraftproduksjon, kraftomsetjing og fiber i VTK AS og nettverksemd i Telemark Nett AS som ved utgangen av 2023 hadde har om lag 15 500 nettkundar. Konesjonsområdet til nettselskapet dekkjer eigarkommunane, med unnatak av Fjågesund i Kviteseid, Felle i Nissedal og Rauland i Vinje.



Produksjonsverksemda i VTK AS er organisert gjennom underliggende selskap i Skafså Kraftverk ANS (67%), Sundsbarm Kraftverk DA (8,5%), og med direkte eigarskap i Naurak Kraftverk AS (100%), Trontveit kraftverk (100%) og Birtedalen Kraftverk AS (80%). Selskapet har også eigarskap i Glomsdam kraftverk (50%) som er eit småkraftprosjekt under tidleg utvikling. I tillegg har VTK Holding AS ein aksjepost i Grunnåi Kraftverk AS (18,25%). Totalt har VTK Konsernet eigarskap i produksjon tilsvarande om lag 270 GWh i eit normal år.

Breibandsverksemda til VTK Konsernet er todelt. VTK AS byggjer, eig og driv fibernett. Dette nettet er leigd ut til Telefiber AS (eigd 50 % av VTK AS), som leverer internett- og TV til kundane. VTK har totalt investert 271 MNOK over 30 år. Av dette er 61 mill. finansiert av stat og kommunar. Bokført verdi utgjer pr 31.12.2023 om lag 148 MNOK.

VTK har eigen pensjonskasse med ein portefølje som blir forvalta av selskapet Gabler som også varetek aktuarfunksjon. Aktuar rapporterer til eget styre for pensjonskassa. Ved utgangen av 2024 var verdien av Pensjonsfondet til VTK Konsernet på 235 MNOK.

## 2 FØREMÅL MED EIGARSKAPEN

Eigarane sitt mål med eigarskapet er at VTK Konsernet skal ha ei solid verdiskaping over tid. VTK AS skal tilby konkurransedyktige kraftprisar til straumkundar i Vest-Telemark, drive innanfor berekraftige rammer mellom anna med omsyn til magasindisponering og investere i fornybar energi.

Eigarane ser at VTK Konsernet har ei **viktig samfunnsrolle**; - som eit reiskap for å sikre lokal styring og kontroll over straumforsyninga og investeringane i straum- og fibernettet. Dette for å sikre lokal beredskap med høg forsyningstryggleik også i spreidd bygde område og sørge for moderne infrastruktur i heile Vest-Telemark.

Eigarane har eit langsiktig perspektiv på eigarskapen i VTK. Dette inneber eit ønske om å taka vare på eksisterande verdier, og å utvikle nye forretningsmoglegheiter tufta på den kompetansen og dei ressursane VTK har. Her tenkjer ein på drift og utbygging av kraftproduksjon, nett- og fiberinfrastruktur, og kraftomsetjing med tilsvarande eller tilgrensande oppgåver.

I eigaransvaret ligg ei plikt til å fylgje opp eigarskapen. Dette dokumentet gjev uttrykk for kva eigarane ventar seg av selskapet, og dreg opp retningslinjer for ein god og konstruktiv dialog mellom selskapet og eigarane.

---

### 3 FORVENTNINGAR TIL UTVIKLINGA I SELSKAPET

Kva eigarane ventar seg av vekst og utvikling av VTK i framtida:

1. Eigarane ventar at konsernet moderniserer, effektiviserer og utviklar verksemda vidare, bl.a. gjennom bruk av ny teknologi og IKT-system. Det er ønskjeleg å utvikle forretningsmoglegheiter og investeringsprosjekt innanfor verksemda i dag. Ein føreset at alle investeringar skal vere tufta på forretningsmessige prinsipp. Dette inneber blant anna at nødvendige reinvesteringar i kraftnettet skal gjerast på ein optimal måte i høve til den til ei kvar tid gjeldande inntektsrammeregulering.
2. Nettselskapet skal til en kvar tid oppretthalde ein robust beredskap og stabil kraftleveranse. Selskapet skal over tid ha som mål å nærme seg effektiviteten til eit gjennomsnittleg nettselskap i bransjen, samt arbeide for å ha konkurranse-messig nettleige til både næring og straumkundar. Selskapet som er ein hjørnesteinsbedrift i VTK konsernet skal ha gode rutinar for risikostyring, internkontroll, og HMS styring.
3. Eigarane ventar at konsernet utarbeider langsiktige investeringsprognosar, og at styret til ei kvar tid vurderer korleis potensialet blir endra som ei fylgje av marknadsutviklinga og endra rammevilkår. Investeringsprognosen må liggje innanfor den ramma som fylgjer av kva eigarane ventar seg av kapitaliseringa i selskapet.
4. Eigarane ventar at styret på førehand avklarar eventuelle vesentlege endringar i forretningsmodellen eller strategien med eigarane. Herunder endring i samla risikoprofil for konsernet, som til dømes etablering av nye verksemdsområde.
5. Eigarane opnar for at VTK kan vurdere prinsipielle og strukturelle prosessar (oppkjøp, sal eller fusjon). Alle vesentlege strukturelle endringar skal avklarast med eigarane.

## 4 FORVENTNINGAR TIL AVKASTING, UTBYTE OG KAPITALISERING

Avkastinga kan anten vere indirekte og koma til uttrykk gjennom verdistiginga på dei underliggjande aktiva, eller direkte i form av utbyte og/eller renter på ansvarlege lån.

### 4.1 Verdiutvikling og utbyte

Eigarane ventar at leiinga i selskapet til ei kvar tid arbeider for at verdiane i selskapet aukar i eit langsiktig perspektiv.

Utbytepolitikken skal gjeva retninga for styret og leiinga, men er ikkje bindande.

Eigarane er samde om å leggje til grunn ein resultatbasert utbytepolitikk i VTK Holding AS. På lang sikt skal politikken tilpassast det behovet konsernet har for kapital til reinvesteringar og utvikling. Eigarane ønskjer eit pårekneleg årleg utbyte.

Over tid vil det vere rimeleg at 60 prosent av årets konsernresultat etter skatt blir delt ut til eigarane. Eigarane ventar at selskapet innrettar drifta og dei finansielle tiltaka slik at det er i stand til å innfri det eigarane ventar av utbyte på lang sikt. Eigarane ventar at selskapet legg fram ein utbyteprognose for dei komande 4 åra på dei årlege eigarmøta. Grunnlaget for utbytet i selskapet og kva eigarane ventar av utbyte, skal drøftast årleg i eigarmøtet. Styret innstiller på utbytet til generalforsamlinga.

### 4.2 Kapitalisering av selskapet

Eigarane føreset at styret sikrar ei forsvarleg, langsiktig kapitalisering av selskapet med ein balansert kapitalstruktur (gjeld og eigenkapital), med sikte på å gjeva eigarane ei god og langsiktig avkastning av eigenkapitalen. Selskapet skal halde oppe ein soliditet (bokført eigenkapital i høve til totalkapital) som gjev den beste innlånsrente hjå selskapet sin hovudbank eller annan långjevar.

Behovet for eigenkapital i selskapet må sjåast i høve til fleire faktorar: kva inntening selskapet til ei kvar tid ventar seg, kapitalbehovet knytt til rehabilitering og oppgradering av eksisterande anlegg og behov for kapital til nye forretningsmessige investeringar. Ein ventar at styret, m.a. på eigarmøta, legg fram eit eventuelt kapitalbehov for eigarane så tidleg som råd.

Dersom VTK utviklar attraktive investeringsprosjekt innanfor verksemda, og dei krev meir kapital enn selskapet har midlar til, ventar eigarane at styret vurderer moglege finansieringstiltak som t.d. å frigjera kapital gjennom sal av verksemdar, tilførsel eller konvertering av ansvarlege lån og /eller ny eigenkapital, eller å inngå samarbeidsmodellar med andre. Styret avklarar slike spørsmål med eigarane.

---

## 5 EIGARDIALOG OG STYRINGSMODELL

### 5.1 Styringsmodell

VTK Holding AS blir styrt som eit ordinært aksjeselskap med generalforsamling, styret og dagleg leiar som styringsnivå. Eigarane styrer selskapet gjennom vedtak på generalforsamlinga, og i tråd med denne eigarmeldinga. Ordførarane har delegert mynde frå kommunestyra til å stille i generalforsamlinga.

Oppgåvene til styret i aksjeselskapet er regulerte i Lov om aksjeselskap, i hovudsak § 6. Instruks for styrets arbeid er vedteke 26.10.2007 og skal reviderast sett i lys av konserndanning i 2021. Styra i dotterselskap i konsernet skal primært bestå av interne ressursar i VTK. Ein kan innhente ekstern kompetanse dersom dette blir vurdert som viktig for selskapets vidare utvikling.

### 5.2 Styresamansetjing i VTK Holding AS

Eigarane sørger for ein god samansetning og kompetanse i styret. Gjennom generalforsamling vil eigarane sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskapets formål og virksomhet. Styret skal ha ein samla kompetanse som set det i stand til å utføre oppgåvene sine på ein god måte. Det gjeld ansvaret med å føre tilsyn med den daglege leiinga i selskapet, så vel som å vere ein ressurs for utviklinga av strategien. Det vil vere ein føremøn, men ikkje ein føresetnad, at styret samla har kompetanse innan område som juss, økonomi og finans, IKT, samt relevant bransjekunnskap og erfaring frå leiing og kommersiell næringsverksemd.

Ordførarane i eigarkommunane utgjør valnemnd og skal saman drøfte styrerepresentasjonen. Dagleg leiar i Vest-Telemark-rådet er sekretær for valnemnda. Valnemnda innstiller til generalforsamlinga (GF), som vel 6 eigarvalde styremedlemer med rekkjefølgjevara. Det skal vere 3 menn og 3 kvinner både i styret og blant varamedlemmene. Dei tilsette skal i tillegg velje 2 styremedlemer med varamedlemmer. Alle medlemer og varamedlemmer blir valde for 2 år.

### 5.3 Eigarmøte

Det skal haldast to årlege eigarmøte. Føremålet med møtet er todela:

1. Samordne og avklare problemstillingar kring eigarskapen
2. Etablere ein kontinuerleg styringsdialog med selskapet (representert med styret/administrerende direktør), der òg viktige og prinsipielle saker kan diskuterast.

Eigarmøta skal vere ein møteplass der selskapet skal orientere eigarane om utviklinga knytt til strategi, økonomi, investerings- og finansieringsplanar, og om generelle utviklingstrekk i bransjen. Kommunedirektør og ordførar i kvar eigarkommune representerer eigarane. Eigarmøta skal gjeva høve til å drøfte regelmessig aktuelle saker for selskapet og eigarane, slik at selskapet til ei kvar tid er i stand til å tilpasse planane

---

sine til overordna føringar frå eigarane. Vedtak som krev eigargodkjenning kan berre gjerast av generalforsamlinga.

Sommarmøte (i løpet av sommarhalvåret):

- Gjennomgang av resultatet for fjoråret og realisert avkasting (førebels tal)
- Nykeltal for konsernet og for kvart verksemdsområde, i høve til bransjen elles

Vintermøte (januar):

- Prognose for inneverande år og budsjett for komande 5 år, medrekna nivået på utbyttet ut frå den gjeldande utbytepolitikken. Budsjettet skal innehalde investeringsplanar og vurdering av kapitaliseringa i selskapet
  - Gjennomgang av oppdatert strategiplan, ev. med djupdykk i utvalde tema knytte til dei eksterne rammevilkåra for selskapet
-